



Bjørn Olav Tveit dagen derpå

Leiinga for Festidalen er godt fornøgd, regnet makta ikkje å øydeleggja for ein driftig og energisk arrangør. Det er den klare konklusjon no i morgontimane etterat uskedalen.no har hatt kontakt med Bjørn Olav Tveit. Han slår fast at besøkstalet i natt har vore det same som fredag - det vil seie 1800 - og summen 3 600 samsvarar med Tveits eigen prognose.



[Scena har gjort jobben og kan rivast](#)

Det samsvarer også med den grense på 2000 som var sett på førehand for arenaen med omgjevnad og som dei ikkje ville overskrida.

- Våre erfaringar med omsyn til veret stemmer bra med det vi har opplevd, vi tenkte oss vertilhøve slik dei faktisk vart, seier Bjørn Olav som leier oppryddinga med den same presisjon som har prega heile prosjektet.

Så får det komande år visa om

det er ynskjeleg å løfta terskelen med til dømes 1000 besøkjande.

Eit litt kritisk punkt vart passert då regnet kom for alvor i går kveld og låven vart fullpakka av folk. Nokre av dei tykte tydelegvis at det var litt skremmande, men i ettertid slår Bjørn Olav fast at situasjonen var under sikker kontroll av vaktmannskap. Det har i det heile ikkje skjedd uhell i samband med festivalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen